

# Jærbladet

Partipolitisk uavhengig avis. Grunnlagt 1949 av Jon Fatnes



Telefon: 51 77 99 00 • Faks: 51 48 37 40

Jærbladet kjem ut mandag, onsdag og fredag, og er ein del av  
Nordsjø Media-konsernet. Utgjevar: Jærbladet AS  
Føretaksnummer: 865613032

Postadresse: Postboks 23, 4349 Bryne

Besøksadresse: Meierigata 22, Bryne

Opningstider: Mandag - fredag 07.00-15.30

Stadfesta opplag: 13.116

JÆRBLADET 16.02.2015



**KVARTETT:** Ivar Anton Waagaard, Tone Elisabeth Braaten, Sigmund Groven og Lars Klevstrand leverte ein fullkommen fullmånekonsert for eit fullt friluftshus.

FOTO: PRIVAT

## Kald fullmåne og varme tonar

**Den var en svært profesjonelle kvartetten hadde sett saman eit program frå den norske songskatten i Friluftshuset på onsdag.**

**MELDING:** Det er ikkje titt månen står kald og blank mot ein mørk, vinterblå himmel over Friluftshuset på Orre. Men sist fullmånekonsert var han der på sitt fagraste, - lytta og varma seg på tonane frå konsertlokalet.

Ofte er det rootmusikk som vert presentert på desse konsertane. Det var det for så vidt også denne gongen; norske røter. Norges melodier i to bind frå 1800-talet, og like opp til songskatten frå vår eiga tid.

Mest alt var kjent stoff for mange av tilhøyrarane. Songar som me lærte i skulen, som me høyrd i ønskekonserten, som vart spelt i radioen då NRK hadde berre ein

kanal og hadde som målsetting å vera ein kulturkanal. Og det er mest ufattelag kor slitesterke desse tekstane og tonane har vore. Tohundre år vitnar om kvalitet.

På same tid som dette var ein grunnlovskonsert i samband med jubileumet i fjor, så var det også ein gjennomgang av vår norske, litterære og musikalske soge. Her var tekstar av poetar som Blix, Bjerregaard, Vinje, og Garborg med fleire, og like opp til vår tid med Rudolf Nilsen, Alf Prøysen og Åse-Marie Nesse. Programmet sende frå Noregs første syngespel, «Aagots fjellsang» frå Fjeldeventyret, til «Tango for to» av Alf Prøysen. Kjende og kjære tonar av våre finaste komponistar som W. Trane, Ole Bull, E. Grieg, A.B Grøndahl, J. Halvorsen, G. Tveitt og F. Luth strøynde mot oss i vakre arrangement. Ein må sjølv sagt også nemna fine folketonar og

melodiar av aktørane Groven og Klevstrand.

Kvartetten, Lars Klevstrand, Sigmund Groven, Ivar Anton Waagaard og Tone Elisabeth Braaten, har ikkje stått i lag på scenen tidlegare. Men me kjenner dei tre første godt frå fleire konsertar på Jæren. Alle var sjølv sagt teknisk suverene, har stor formidlingsevne og utstråling. Og det er befriande når songarar har gode stemmer og klar diksjon, slik at ein får med seg kvart ord i tekstane. Lydstyringa var perfekt.

Eit stappfullt friluftshus kravde sjølv sagt ekstranummer, og kva var vel meir høveleg enn «Blåmann» etter at dei hadde fått Jærrost som gavé frå arrangøren. (sjølv om osten ikkje er laga på geitemjølk)

**Karl Fjogstad**